



SPAREBANK 1 SØRE SUNNMØRE
Org.nr. 937 899 785

Offentleggjing av sentral risikoinformasjon
Basel II - Pilar 3

30.06.2011

Innhold

1. BASEL II - KAPITALDEKNINGSREGLAR	3
1.1 INNLEIING	3
1.2 PILAR 1	3
1.3 PILAR 2	3
1.4 PILAR 3	3
2. RISIKO- OG KAPITALSTYRING	4
2.1 FØREMÅL	4
2.2 RISIKOOMRÅDE	4
2.3 PROSESS FOR RISIKO- OG KAPITALSTYRING	5
3. BEREKNING AV KAPITALDEKNING (PILAR 1)	6
3.1 KONSOLIDERING	6
3.2 ANSVARLEG KAPITAL/KAPITALDEKNING	6
3.3 KREDITTRISIKO	7
3.4 OPERASJONELL RISIKO	10
3.5 MARKNADSRISIKO	10
4. VURDERING AV KAPITALBEHOV (PILAR 2)	11
4.1 INNLEIING	10
4.2 KREDITTRISIKO	11
4.3 MARKNADSRISIKO	11
4.4 OPERASJONELL RISIKO	11
4.5 LIKVIDITETSRISIKO	11
4.6 ANDRE RISIKI	11
4.7 SAMANDRAG	12
5. SAMANLIKNING AV REGULATORISK OG ØKONOMISK KAPITALBEHOV	14

1. BASEL II - KAPITALDEKNINGSREGLAR

1.1 Innleiing

Nye krav til finansinstitusjonane si berekning av kapitaldekning, Basel II, blei innført i Noreg frå 1. januar 2007. Føremålet med det nye kapitaldekningsregelverket er å styrke stabiliteten i det finansielle systemet gjennom:

- * meir risikosensitivt kapitalkrav
- * betre risikostyring og kontroll
- * tettare tilsyn
- * meir informasjon til marknaden

SpareBank 1 Søre Sunnmøre rapporterte kapitaldekning etter dette nye regelverket frå og med Q 1 2008, og har rapportert ICAAP til Finanstilsynet kvart år sidan 31.12.07.

1.2 Pilar 1

Pilar 1 omhandlar minstekrav til kapitaldekning og er ei vidareutvikling av det tidlegare kapitaldekningsregelverket, Basel I. Kapitalkravet er framleis 8 %, men det er endringar i regelverket for kva som kan reknast som ansvarleg kapital og samansetninga av denne. Dei store endringane gjeld berekninga av kapitalkravet for kredittrisiko og introduksjonen av eit eksplisitt kapitalkrav for operasjonell risiko.

1.3 Pilar 2

Pilar 2 er basert på to hovudprinsipp. Bankane skal ha ein prosess for å vurdere sin totale kapital sett opp mot risikoprofil og ein strategi for å oppretthalde sitt kapitalnivå. I tillegg skal tilsynsmyndigheitene gjennomgå og evaluere bankanes interne vurdering av kapitalbehov og strategiar, og overvake og sikre etterleving av dei kapitalkrava styresmaktene har sett. Tilsynet har myndigheit til å sette i verk passende tilsynsmessige tiltak om det ikkje er tilfreds med resultatata av denne prosessen.

1.4 Pilar 3

Føremålet med pilar 3 er å supplere minimumskrava i Pilar 1 og den tilsynsmessige oppfølginga i Pilar 2. Pilar 3 skal bidra til auka marknadsdisiplin gjennom krav til offentleggjering av informasjon som gjer det mogeleg for marknaden; analytikarar og investorar, å vurdere institusjonens risikoprofil og kapitalisering, og styring og kontroll. Krava til offentleggjering vert spesielt viktig når det for bankane er mogeleg å nytte eigne system og metodar for å rekne kapitalkravet.

2. RISIKO- OG KAPITALSTYRING

2.1 Føremål

Styring av risiko og kapitalanvendelse er eit sentralt verkemiddel for å nå bankens målsetjingar slik dei er nedfelt i bankens forretningsstrategi. Konsernets lønnsemd og mulighetene til å nå desse målsetjingane overfor m.a. tilsette og samfunnet, er avhengig av evna til å identifisere, måle, styre og prise dei risikoene som ligg i å tilby finansielle produkt og tenester. Risikostyringa skal sikre finansiell stabilitet og forsvarleg formuesforvaltning.

Konsernet har ein moderat risikoprofil. Konsernet har ei målsetjing om å minimum oppretthalde noverande rating (BBB) for å kunne sikre ein langsiktig god tilgang på innlån frå kapitalmarknaden.

2.2 Risikoområde

Banken identifiserer og styrer risiko innanfor følgjande **overordna** risikoområde:

Kredittrisiko

Risiko for tap som følgje av kundens manglande evne eller vilje til å oppfylle sine forpliktingar knytte til utlån, kredittar, garantiar og liknande.

Marknadsrisiko

Risiko for tap som skuldast endringar i marknadsvariablar og/eller marknadsbetingelsar som renter, valutakursar og verdipapirmarknader.

Operasjonell risiko

Risiko for tap som følgje av utilstrekkelege eller sviktande interne prosessar eller system, menneskelege feil eller eksterne hendingar.

Likviditetsrisiko

Risiko for at konsernet ikkje klarer å finansiere auke i eignelutar og innfri sine forpliktingar etter kvart som finansieringsbehovet aukar.

2.3 Prosess for risiko- og kapitalstyring

Overordna strategi

SpareBank 1 Søre Sunnmøre har ein revisjon av den overordna strategien jamleg, og minimum ein gong i året. Dette omfattar ein gjennomgang av endringar i rammevilkår som m.a. konkurransesituasjonen, krav frå offentlege styresmakter, endring i kundeadferd og krav til kompetanse og organisering. I strategiprosessen vert det lagt vekt på å involvere alle tilsette, for å skape aksept for strategien slik at endringstiltak verkeleg kan gjennomførast. Resultatet av denne strategiprosessen er nedfelt i dokumentet "Mål og strategi for SpareBank 1 Søre Sunnmøre 2010-2012". Mål og strategidokumentet er å sjå på som ein del av bankens samla styringsdokument, m.a. i forhold til "Internal Governance" og Basel II. Vidare har banken ei rekkje overordna dokument på ulike område som jamleg vert revidert, minimum ein gong i året.

SpareBank 1 Søre Sunnmøre har følgjande overordna dokument/retningsliner knytta til risiko- og kapitalstyring:

- "Mål og Strategi 2010-2012"
- "Beredskapsplan for kapitaldekning"
- "Retningsliner for funding og likviditetsstyring"
- "Retningsliner for handsaming av rekneskapsmessig nedskrivning av utlån m.m."
- "Retningsliner for handel med verdipapir"
- "Retningsliner for kredittstyring"
- "Retningsliner for handsaming av marknadsrisiko"
- "Retningsliner for behandling av renterisiko"
- "Retningsliner for vurdering av restrisiko"
- "Retningsliner for operasjonell risiko"
- "Retningsliner for valutaeksponering"
- "Retningsliner for handsaming av konsentrasjonsrisiko"
- "Retningsliner for vurdering av andre risiki"
- "Retningsliner for offentliggjerding av finansiell informasjon"
- "Retningsliner for internkontroll"
- "Retningsliner for utarbeiding, iverksettjing og revisjon av instruksar"

Retningslinene inneheld spesifikasjon av grenseverdier/måltal sett av styret om kva som skal rapporterast til styret og kor ofte. Administrasjonen utarbeidar eigne nøkkeltalsrapportar månadleg/kvartalsvis som viser utvikling mot vedtekne måltal.

Prosess for vurdering av samla kapitalbehov

Økonomi- og finansavdelinga administrerer og gjennomfører berekninga av kapitalbehov. Bankens leiargruppe og styre vert løpande orientert og involvert i dette arbeidet.

Ved første gongs berekning og rapportering av Icaap 2007 vart grunnlaget for denne prosessen forankra i eit fellesprosjekt i regi av SamSpar (jfr. Kap 3.1). Dette arbeidet vart godkjent av styret og av eksterne revisor.

Utgangspunktet for seinare berekning av kapitalbehov og informasjonen i Pilar 3 byggjer vidare på dei berekningsmåtene og konklusjonane som vart godkjende i dei Icaap-prosessane som har vore gjennomført. Dette Pilar 3 dokumentet er handsama i styret den 19.09.2011.

Risiko- og kapitalstyring

Proessen for risikoidentifikasjon dekkjer alle vesentlege risikoområde til konsernet. Proessen vert gjennomført som ein integrert del av konsernets strategi- og budsjettprosess. Det vert gjennomført ulike analysar av risikoane som er identifiserte for å forstå risikoens eigenskapar med tilhøyrande årsaksmekanismar. Alle vesentlege risikoar er i den utstrekning det er mogeleg kvantifisert gjennom forventa tap og behovet for økonomisk kapital. Kvantifisering skal vere basert på kjende og forsvarlege metodar og framgangsmetodar for måling av risiko.

Bankens kapitaldekningsmål skal sikre tilstrekkeleg kapital til å oppfylle krav frå styresmaktene sett opp mot kapitaldekninga, og styret har i 2008 vedteke ein overordna beredskapsplan for kapitalstyring som har som føremål og synleggjere leiinga og styret sin strategi for å avverje fallande kapitaldekning. Styret har vedteke at banken sitt regulatoriske målkrav skal vere på minimum på 13 % ansvarleg kapital og 10 % kjernekapital.

Rapportering/oppfølging/compliance

Eit viktig element i ei effektiv risikostyring er overvaking av den løpande risikoeksponeringa. Alle leiarar er ansvarlege for den daglege risikostyringa innanfor sitt ansvarsområde, og dei skal til ei kvar tid sjå til at risikoeksponeringa er innanfor dei rammer som er vedtekne av styret eller administrerande banksjef.

Konsernets overordna risikoeksponering og risikoutvikling vert fylgt opp gjennom periodiske risikorapportar til administrasjon og styre. Konsernet ønskjer å ha gode prosessar for å sikre compliance (etterleving) av gjeldande lover og forskrifter.

3. BEREKNING AV KAPITALDEKNING (PILAR 1)

3.1. Konsolidering

Tabellen nedanfor viser skilnaden i konsolideringsgrunnlag etter rekneskapsreglane og ved konsolidering for kapitaldekningsformål.

Dottersekskap	Antal aksjar	Eigarandel	Rekneskapformål	Kapitaldekningsformål
Eiksundregionen Eigedom AS	10.100	100 %	Full konsolidering	Ikkje konsolidert
Eiksundregionen Vekst AS	150	100 %	Full konsolidering	Ikkje konsolidert
Eiksundregionen Utvikling AS	3.700	100 %	Full konsolidering	Ikkje konsolidert
Eiksundregionen Bu & Virke AS	1.050	100 %	Full konsolidering	Ikkje konsolidert

Tilknytt selskap/ felleskontrollert verksemd	Eigarandel	Rekneskapformål	Kapitaldekningsformål
Samarbeidande Sparebanker AS	7,20 %	Eigenkapitalmetoden	Full konsolidering
Samarbeidande Sparebanker Bankinvest AS	4,45 %	Eigenkapitalmetoden	Full konsolidering
Samarbeidande Sparebanker Bankinvest II AS	7,20 %	Eigenkapitalmetoden	Full konsolidering

Heleigde dottersekskap skal ha ein tilfredsstillande kapitalisering, og det er ikkje lagt begrensningar på styret si moglegheit til å overføre kapital mellom morbanken og dottersekskapa utover det som følgjer av regulatoriske og andre lovbestemte begrensningar. Det ligg heller ikkje føre vedtektsbestemmelser som gir denne type begrensning. Investeringane i tilknytt selskap/fellesskontrollert verksemd er av strategisk betydning knytt til samarbeidet i SpareBank 1 Alliansen.

3.2 Ansvarleg kapital/kapitaldekning (i heile 1.000 kr):

	Ikkje konsolidert		Konsolidert	
	30.06.2011	31.12.2010	30.06.2011	31.12.2010
Opptent eigenkapital (=bokf. EK eks. udisp.resultat)	491.363	491.363	539.503	527.712
Annan kjernekapital:				
Fondsobligasjon	49.550	49.550	49.550	49.550
50 % av medlemsinnskott i kredittforeiningar	4.305	4.305	3.705	7.591
Konsolidert eigenkapital tilknytt selskap			-48.140	-39.635
Sum kjernekapital	545.218	545.218	544.618	545.218
Annan tilleggskapital:				
Ansvarlig lånekapital	149.675	149.675	149.675	149.675
50 % av medlemsinnskott i kredittforeiningar	4.305	4.305	3.705	4.305
	153.980	153.980	153.380	153.980
Frådrag i kjernekapitalen:				
Immaterielle eignelutar	0	0	0	0
Overfinansiering pensjon 72%	0	0	0	0
Eigarandel i SamSpar	0	0	-86.196	-79.269
Sum frådrag	0	0	-86.196	-79.269
Netto ansvarleg kapital	699.198	699.198	611.802	619.929
Kapitalkrav:				
Kapitalkrav for kreditt, og motpartsrisiko	342.537	342.528	339.337	342.528
Frådrag standardmetoden for kredittrisiko	-1.496	-1.814	-8.664	-8.156
Kapitalkrav for operasjonell risiko	21.907	21.907	21.907	21.907
Sum kapitalkrav	362.948	362.621	352.580	356.279
Kapitaldekning i %	15,41	15,43	13,88	13,92
Kjernekapitaldekning i %	12,02	12,03	11,38	11,35
	(eks. delårsresultat)		(eks. delårsresultat)	

Banken nyttar standardmetoden ved berekning av det regulatoriske kapitalkravet for kredittrisiko, og basismetoden ved berekning av kapitalbehov for operasjonell risiko.

Fondsobligasjonen er eit evigvarande ansvarleg obligasjonslån med innløysingsrett i 2015.

I desember 2009 tok banken opp eit ansvarleg obligasjonslån for å styrke kapitalen (call posjon 22.12.14). Renteregulering av obligasjonane skjer kvartalsvis med 3mnd Nibor og hhv marginane 1,15 % og 2,75 %.

3.3 Kredittrisiko

Styring og kontroll

Kredittrisikoen vert styrt gjennom konsernets overordna strategi der kredittpolicy og rammer for overordna porteføljestyling er fastlagt. Bevilgningsreglement og den daglege kredittvurderinga på alle nivå gjenspeglar desse. Retningsliner for kredittstyring og bevilgningsreglementet vert revidert minimum ein gong i året av styret. Retningslinene for kredittstyring fokuserer på kredittrisiko på eit overordna nivå, og organisering av kredittarbeidet, prinsipp for engasjementsoppfølging, målemetodar, rapportering og overvaking av dette kredittarbeidet.

Sentralt i bankens kredittvurderingsprosess står risikoklassifiseringssystemet PorTo. Dette systemet er basert på avanserte risikomodellar, og er under kontinuerleg vidareutvikling og testing av Kompetansesenter for Kreditt, SpareBank 1. Den risikomessige utviklinga i porteføljen vert fylgt opp månadleg, med særleg vekt på utviklinga i risikoklassifisering (migring), forventa tap, økonomisk kapital og risikojustert avkastning.

Porteføljeinformasjon

Grunnlagsdata for berekning av kapitalkrav (8%) for kredittrisiko fordelt på engasjement per 30.06.11 (i heile 1.000 kr):

Kreditt-, motparts- og forringelsesrisiko	Engasjement	Berekningsgrunnlag	Konsolidert kapitalkrav
Stater og sentralbankar	266.163	0	0
Lokale og regionale styremakter	14.411	2.882	231
Offentlege eigde foretak	14.881	2.976	238
Institusjonar	169.672	33.934	2.715
Foretak	2.176.897	2.039.927	163.194
Massemarknadsengasjement	1.062.417	746.407	59.713
Pant i bustad og fritidseigedom	3.639.699	1.227.050	98.164
Forfalne engasjement	117.583	121.711	9.737
Obligasjonar med fortrinnsrett	49.000	4.900	392
Andelar i verdipapirfond	11.233	11.233	899
Øvrige engasjement	64.150	50.694	4.056
Samlet kapitalkrav kreditt-, motparts- og forringelsesrisiko	7.586.106	4.241.715	339.336
Samlet kapitalkrav for operasjonell risiko		273.838	21.907
Frådrag i kapitalkravet; gruppevis nedskr.		-22.100	-1.768
Andre frådrag		-86.200	-6.896
Sum kapitalkrav	7.586.106	4.407.253	352.580

**Utlån, garantier og ubenyttede kredittar fordelt etter geografi per 30.06.11
(i heile 1.000 kr):**

	Søre Sunnmøre	I fylket elles	Utanom fylket	Total
Utlån personmarknaden	2.963.872	187.700	939.647	4.091.219
Utlån bedriftsmarknaden	1.816.288	101.333	120.902	2.038.523
Sum	4.780.160	289.033	1.060.549	6.129.742
Garantier personmarknaden	5.800	0	0	5.800
Garantier bedriftsmarknaden	101.006	19.365	9.599	129.970
Sum	106.806	19.365	9.599	135.770
Ubenyttede kredittar	346.790	34.836	89.356	470.982
Sum total	5.233.756	343.234	1.159.504	6.736.494

**Ubenyttede kredittar fordelt etter sektor/næring per 30.06.11
(i heile 1.000 kr):**

	30.06.2011	31.12.2011
Personkunder	268.640	254.362
Bedriftskunder		
Offentleg sektor	0	0
Primærnæringar	43.011	54.831
Industri	6.380	1.885
Bygg - og anlegg m.m.	88.267	105.568
Handel	39.166	36.044
Transport	42.163	47.573
Egedomsdrift	25.480	28.762
Service- og tenesteyting m.m.	93.645	34.720
Sum bedriftskunder	338.112	309.383
Sum eksponering	606.752	563.745

**Samla engasjementsbeløp fordelt på risikoklasse per 30.06.11.
(i heile 1.000 kr):**

Risikogruppe	VOLUM	ANTALL	ANDEL
Svært lav	3.450.048	2.877	54,7 %
Lav	897.898	464	8,8 %
Middels	1.482.368	1.155	22,0 %
Høy	383.132	272	5,2 %
Svært høy	316.516	428	8,1 %
Misligholdt og nedskrevne	206.533	65	1,2 %
Sum	6.736.494	5.261	100,0 %

**Utvikling i porteføljen fordelt på risikoklasse per 30.06.11.
(i heile 1.000 kr):**

Risikogruppe	VOLUM 30.06.11	VOLUM 31.12.10	Endring	Endring i %
Svært lav	3.450.048	3.096.426	353.622	97,33
Lav	897.898	953.461	-55.563	-15,29
Middels	1.482.368	1.467.016	15.352	4,23
Høy	383.132	356.034	27.098	7,46
Svært høy	316.516	327.004	-10.488	-2,89
Misligholdt og nedskrevne	206.533	173.225	33.308	9,17
Sum	6.736.495	6.373.166	363.329	100,00

Trygd

Engasjement med pant i fast eigedom utgjør den største andelen av dei totale engasjement. Anna trygd som vert nytta er m.a. salspant i lausøyre, varelager og kundekrav. Ved verdivurdering av trygd vert reduksjonsfaktorane i gjeldande SpareBank 1 Appendiks 1 lagt til grunn. Føremålet med denne metodikken er å skape lik standard for verdivurdering av trygd for alle bankane. Det er også med på å auke kvaliteten og treffsikkerheita i verdivurderingane. Panteobjektet vert registrert med omsetnadsverdi/ kjøpesum. Deretter gjennomgår panteobjekta individuell justering av verdier basert på likviditet og pantbarheit, og redusert med ein standard reduksjonsverdi til normal realisasjonsverdi.

3.4 Operasjonell risiko

Styring og kontroll

Operasjonell risiko er ein risikokategori som fangar opp det mest vesentlege av kostnader når det gjeld manglande kvalitet i bankens løpande verksemd. Identifisering, styring og kontroll av operasjonell risiko er ein integrert del av leiaransvaret på alle nivå. Leiarens viktigaste hjelpemiddel i arbeidet er fagleg innsikt og leiingskompetanse og handlingsplanar, kontrollrutinar og gode oppfølgingssystem. Eit systematisk arbeid med risikovurderingar og styringstiltak bidrar til auka kunnskap om og merksemd mot aktuelle forbetningsbehov i eiga eining. Banken ser ikkje tilhøve som gjer at ein ikkje kan nytte basismetoden ved berekning av kapitalbehov for operasjonell risiko.

Grunnlagsdata for berekning av kapitalkrav for operasjonell risiko per 30.06.11.

(tal i heile 1.000 kr):

	2010	2009	2008	Gj.snitt	Kapitalbehov
Sum netto driftsinntekter	126.498	151.266	126.498	146.009	21.907

3.5 Marknadsrisiko

Styring og kontroll

Marknadsrisiko vert hovudsakleg kontrollert gjennom oppfølging av risikoeksponering i handelsporteføljene med rammer fastsett av styret, og løpande analysar av uteståande posisjonar. Rammene for eksponeringar er nedfelt i overordna dokument "retningsliner for handsaming av marknadsrisiko".

SpareBank 1 Søre Sunnmøre si risikoeksponering mot m.a. renterisiko, valutaeksponering og handel med verdipapir er regulert gjennom eigne retningsliner. Konsernets generelle eksponering mot marknadsrisiko er moderat. Det vert ikkje berekna kapitalbehov for marknadsrisiko i den regulatoriske kapitaldekningsberekninga.

4. VURDERING AV KAPITALBEHOV (PILAR 2)

4.1 Innleiing

I kapitla nedanfor er det gjort greie for rammeverk og styring av dei risikotypene som ikkje vert dekkja av Pilar 1 – minimumskravet til ansvarleg kapital (kap. 3), og gitt ei nærare skildring av bankens interne vurdering og dei føresetnader som er lagt til grunn ved berekning av kapitalbehovet der det avvik frå dei regulatoriske berekningane.

4.2 Kredittrisiko

Konsernet bruker i all hovudsak dei same modellane og tilnærmingar ved berekning av økonomisk kapital som ved minimumskrav til ansvarleg kapital. Det er imidlertid nokre ulikskapar.

Kredittrisikoen er kapitalbehovsvurdert med utgangspunkt i SpareBank 1-alliansens modell for prognostisering av misleghald, forventa tap, tap gitt misleghald og uventa tap. Risikomodellene som ligger til grunn for risikostyringssystemene tar utgangspunkt i statistiske beregninger, og er under kontinuerlig vidareutvikling, testing og validering. Tapsberekninga i PorTo vert vurdert til å vere den beste tilgjengelege modelltilnærminga for å rekne ut kapitalbehovet for bankens kredittrisiko.

Konsernet fastset realisasjonsverdiane ut i frå omsetningsverdiane og godkjende meklartakstar, og bruker reduksjonsfaktorane i Appendiks 1/SpareBank 1 Kreditt. I dei tilfella det ikkje ligg føre relevante omsetningsverdiar eller takstar, vert trygdene fastset skjønsmessig på bakgrunn av eigne vurderingar og erfaringar. Trygda skal i slike tilfelle basere seg på sannsynlege realisasjonsverdiar ved konkurs/tvangssal.

Konsentrasjonsrisiko vert definert som den risiko som oppstår ved å konsentrere eksponeringa mot bransje, geografisk område og storleik/volum på kundar. Det er m.a. teke omsyn til konsentrasjonsrisiko for storleik i berekninga av økonomisk kapital ved at det er berekna eit skjønsmessig påslag med 100% på uventa tap på eit utval av store engasjement på bedriftsmarknaden (engasjement større enn 2% av ansvarleg kapital).

I tillegg vert det berekna kapital for konjunkturbuffer kreditt.

Vi viser til årsrapporten for 2010 og note 2 om rekneskapsprinsipp, samt note 13, 14, 15 og 16 som m.a. gir informasjon og definerer misleghald og metodar for fastsetjing av verdiendring/nedskrivingsoversikt m.m.

4.3 Marknadsrisiko

Marknadsrisiko oppstår i all hovudsak frå bankens investeringar i obligasjonar, sertifikat og aksjar, i tillegg avtalar på renteinstrument/swapavtalar. Risikoområdet kan delast inn i tre: rente-, valuta-, aksjar/kursrisiko. Det er lagt til grunn eit verdifall på 20% på omløps-/anleggsaksjar sett opp mot rammer satt overordna retningsline. Vi viser til note 21 i årsrekneskapsrapporten for 2010, som spesifiserer aksjeinvesteringar av langsiktig og/eller strategisk karakter. Alle desse aksjane er bokført til verkeleg verdi. Selskap knytt til SpareBank 1 Gruppen vert vurdert under eigarrisiko.

Renterisikoen i balansen er vurdert under eit scenario med 2% endring i marknadsrenta og vert berekna tilnærma på alle balansepostar på restløpetider. Alle postar i og utanfor balansen er inkludert i denne utrekninga.

Banken har ikkje eksponering i valuta og det er såleis ikkje berekna kapitalkrav knytt til valuta.

4.4 Operasjonell risiko

Kapital for operasjonell risiko inngår i konsernets prosess for vurdering av økonomisk kapital etter pilar 2. Kapitalbehovet er rekna med utgangspunkt i basismetoden. I tillegg vurderer banken behovet for buffer knytte til kvaliteten på styring og kontroll, men det er ikkje gjort avsetjing utover kapitalbehovet etter basismetoden.

4.5 Likviditetsrisiko

Likviditetsrisiko oppstår som følge av ein eller fleire hendingar som gjer at banken får problem med å refinansiere balansepostar knytte til innlån. Banken handsamar problemstillingar knytte til dette risikoområdet i policydokumentet "Retningslinjer for funding og likviditet". Det er satt rammer for dei ulike finansieringsgruppene. Ved berekning av denne risikoen har banken lagt til grunn ein auke i pris ved refinansiering ved fundingforfall dei næraste 18 månadane, med 1,0 %. Vidare er det gjort eit ekstra påslag på 1% for å behalde innskot over garantigrensa. Ved evt. hastesal av obligasjonsportefølja er det pårekna eit kurstap på 5%. I berekninga er det også teke omsyn til at banken må stille likviditet for 10 % av garantiportefølja med ein rentekostnad på 3,5 %.

4.6 Andre risiki

Eigarrisiko

I berekninga knytt til eigarrisiko har vi i utgangspunktet definert vår eigardel i SpareBank1 Gruppen, Samarbeidende Sparebanker Bankinvest, Samarbeidende Sparebanker Bankinvest II, SpareBank 1 Boligkreditt EiendomsMegler1, i tillegg til dei fire 100 % eigde dotterselskapa. Berekna økonomisk kapital er i utgangspunktet basert på det totale kapitalbehovet i det einskilde selskap sett i forhold til vår eigardel, og vekta med 100 %. Porteføljen som vert overført til SpareBank 1 Boligkreditt vert rapportert gjennom konsernets kapitaldekningsoppgåve, og denne risikoen er difor handsama som kredittrisiko i dette dokumentet. Det er ingen vesentleg eigarrisiko utover kredittrisikoen i selskapet.

Omdømmerisiko

Ein kan anta at eit svekka omdømme kan føre med seg at kundar med innskot flyktar, og med bakgrunn i dette vert det berekna eit kapitalpåslag på 0,5% av alle innskota

Vekstrisiko

Banken budsjetterer samla med ein vekst på 8 % i 2011, og det er gjort eit påslag på dette i berekninga av kapitalbehov. Ein føresetnad er at veksten er noko sterkare i den beste delen av risikoklassene enn i eksisterande portefølje. Uventa tap aukar med denne forventta auken i berekningsgrunnlaget, og vert lagt til den risikjusterte kapitalen. I berekninga er det teke utgangspunkt i volum utlån inkl. off balance postar som garantiar, ikkje belasta kredittar m.m.

Forretningsrisiko

Forretningsrisiko vert definert som risikoen for uventa inntekts- og kostnadssvingingar.

Risikoen kan knyttast til konjunktursvingningar eller endra kundeadferd. Uro i marknaden kan gje reduksjon i bankens inntekter, og det er lagt til grunn at renteinntekter vert redusert med 5 % og off-balanse-inntekter med 10-20% i eit år framover. Ein slik marknadsuro vil også påverke bankens aktivitet og kostnadene, og det vert gjort eit frådrag på 2 % av totale kostnader i berekninga av kapitalbehovet.

Strategi- og kompetanserisiko

Strategisk risiko beregnes å oppstå spesielt ved etablering av virksomhet i nye markedsområder eller inngåelse av avtaler om nye produkt som krevjer store økonomiske uttellingar.


På generell basis ser vi at det er økende krav til kompetanseheving (AFR m.m.) og det er lagt inn et fast kronebeløp per ansatt for å dekke dette økende kompetansebehovet.

4.7 Samandrag

Økonomisk kapital seier noko om kor mykje kapital konsernet meiner det treng for å dekkje den faktiske risikoen konsernet har påteke seg.

Det er lagt til grunn statistiske metodar for berekning av økonomisk kapital, men enkelte av risikotypene forutset likevel bruk av kvalitative vurderingar. Hovuddelen av bankens berekna risiko er knytt til kredittområdet, der banken støtter seg på analyseverktøyet PorTo.

Diagrammet nedanfor viser fordelinga av økonomisk kapital på dei ulike risikogrubbene med utgangspunkt i risikoeksponering - grunnlagsdata per 30.06.11.:



5. SAMANLIKNING AV REGULATORISK OG ØKONOMISK KAPITALBEHOV

Nedanfor er det gjort ein samanlikning mellom minimumskrav til ansvarleg kapital (Pilar 1) og behovet for økonomisk kapital (Pilar 2).

(tal i heile kroner)

	PILAR 2 30.06.2011	PILAR 1 30.06.2011
ICAAP-berekning		
Risikogrupper:		
Kredittrisiko - Pilar I	339.337.000	339.337.000
Andre kapitalkrav knytt til kredittrisiko:		
Kredittrisiko - innskot/obligasjonar	190.000	
Konsentrasjonsrisiko bransje	3.000.000	
Konsentrasjonsrisiko kreditt store eng.	21.782.522	
Konjunkturbuffer kreditt	11.738.903	
Marknadsrisiko	8.856.813	0
Operasjonell risiko	21.907.000	21.907.000
Likviditetsrisiko	25.513.905	
Forretningsrisiko	6.500.000	
Eigarrisiko	5.281.232	
Omdømmerisiko	9.962.350	
Strategi- og kompetanserisiko	2.100.000	
Vekstrisiko (12 mnd)	7.155.929	
Sum risikojustert kapital før diversifiseringseffektar	463.325.654	361.244.000
Diversifiseringseffektar (3 %)	-13.899.770	
Sum risikojustert kapital etter diversifiseringseffektar	449.425.884	361.244.000
Kjernekapital eks. delårsresultat	544.618.000	544.618.000
Tilleggskapital	67.184.000	67.184.000
Sum ansvarleg kapital	611.802.000	611.802.000
Konsolidert egenkapital tilknytt selskap	48.140.000	
Sum korrigert ansvarleg kapital	659.942.000	611.802.000
Sum buffer målt mot kjernekapital	95.192.116	
	17,5 %	
Sum buffer målt mot ansvarleg kapital	210.516.116	
	31,9 %	

Totalt behov for økonomisk kapital per 30.06.11 er berekna til i overkant av **463,3 mill. kroner** før diversifiseringseffektar. Når ein tek omsyn til diversifiseringseffektar mellom risikogruppene, er behovet for økonomisk kapital berekna til **449,4 mill. kroner**. Diversifiseringseffekten viser den risikoreduserande effekten konsernet oppnår ved å arbeide innan fleire risikoområde som ikkje kan påreknast å medføre uventa tap på same tid.

Total buffer etter frådrag for kjernekapital er per 30.06.11 **95,1 mill. kroner**. I prosent utgjer dette **17,5 %** målt mot kjernekapital.

Banken konkluderer med at berekningane viser ein tilfredsstillande buffere, og at banken synest robust mot tap med god buffer over påreknede tap, noko som gir tryggleik for ein mogeleg sterk konjunkturedgong.